



Forvaltningsrevisjon | Sogn og Fjordane fylkeskommune

Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule

Prosjektplan/engagement letter

Oktober 2017

«Forvaltningsrevisjon av
utdannings- og yrkesrådgiving i
vidaregåande skule - prosjektplan »

Oktober 2017

Prosjektplan utarbeidd for Sogn og
Fjordane fylkeskommune av
Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00

Innhold

1.	Føremål og problemstillinger	4
2.	Revisjonskriterium	5
3.	Metode	8
4.	Tid og ressursbruk	9

1. Føremål og problemstillinger

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 26.09.2017, saksnr. 40/17, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av utdannings- og yrkesrådgiving i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

1.2 Føremål og problemstillinger

Føremålet med prosjektet er å undersøke i kva grad fylkeskommunen ivaretek og tilbyr utdannings- og yrkesrådgiving i den vidaregåande skulen i tråd med sentrale krav og føringar i regelverket og i tråd med eigne mål for området. Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Korleis fungerer utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule?
 - a) I kva grad er organiseringa av utdannings- og yrkesrådgivinga føremålstenleg?
 - b) I kva grad har bruk av prosjekt til yrkesfagleg fordjuping styrka utdannings- og yrkesrådgivinga i vidaregåande skule?
 - c) Er informasjon om utdannings- og yrkesrådgivinga gjort kjent i tilstrekkeleg grad til dømes frå skulane og på relevante nettsider for fylkeskommunen sine elevar?
 - d) Får elevar som ynskjer det individuell utdannings- og yrkesrådgiving?
 - e) Kor godt nøgde er elevane med utdannings- og yrkesrådgivinga?
 - f) Ivaretek fylkeskommunen utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule i samsvar med lover, regler og fylkestinget sine instruksar?

2. I kva grad ivaretek utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule næringslivet sine behov?
 - a) I kva grad er det etablert tilstrekkeleg system for å sikre informasjonsutveksling mellom næringslivet og fylkeskommunen som er relevant for utdannings- og yrkesrådgivinga?
 - b) I kva grad opplever representantar for næringslivet sine organisasjonar at dei blir tilstrekkeleg involvert for å sikre at utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule ivaretek næringslivet sine behov?

3. I kva grad har dei som skal drive med utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule tilstrekkeleg kompetanse
 - a) Har rådgjevarane i dei vidaregåande skulane kompetanse i samsvar med Utdanningsdirektoratet sine tilrådde kompetansekrav?
 - b) Er det gjort vurderingar av kompetansebehov, og eventuelt utarbeidd ein plan for kompetansebygging knytt til utdannings- og yrkesrådgiving?
 - c) I kva grad opplever rådgjevarar at karrieremesser og næringsreiser fører til auka kompetanse innan utdannings- og yrkesrådgiving?

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle fylkeskommunale vidaregåande skular

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Av § 13-10 i opplæringslova går det fram at fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest. Det står vidare at fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.

I opplæringslova § 9-2 går elevane sin rett til nødvendig rådgiving fram:

§ 9-2. Rådgiving og skolebibliotek

Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Departementet gir nærmare forskrifter.

2.2.2 Forskrift til opplæringslova

Forskrift til opplæringslova omtalar nærare retten til nødvendig rådgiving. Av § 22-1 går det fram at den enkelte eleven har rett til sosialpedagogisk rådgiving og utdannings- og yrkesrådgiving, og at tilbodet skal vere kjent for elevar og føresette. Tilbodet skal vere tilgjengeleg for elevane ved den enkelte skulen. I same paragraf går det fram at:

Retten til nødvendig rådgiving inneber at eleven skal kunne få informasjon, rettleiing, oppfølging og hjelp til å finne seg til rette på skolen og ta avgjerd i tilknytning til framtidige yrkes- og utdanningsval. Rådgivinga kan vere både individuell og gruppevis. Eleven sitt behov og ønskje vil avgjere forma som blir teken i bruk.

Rådgivinga skal medverke til å utjamne sosial ulikskap, førebyggje fråfall og integrere etniske minoritetar. For at rådgivinga skal bli best mogleg for eleven, skal skolen ha eit heilskapleg perspektiv på eleven og sjå den sosialpedagogiske rådgivinga og utdannings- og yrkesrådgivinga i samanheng.

Eleven skal få den hjelpa han/ho treng for å utvikle seg vidare og utnytte eigne ressursar, utan omsyn til tradisjonelle kjønnsroller.

Av § 22-3 i same forskrift går det fram at føremålet med utdannings- og yrkesrådgivinga er å bevisstgjere og støtte eleven i val av utdanning og yrke og utvikle kompetansen til den enkelte til å planleggje utdanning og yrke i eit langsiktig læringsperspektiv. Det går fram at:

Retten til nødvendig utdannings- og yrkesrådgiving inneber at eleven mellom anna har rett til:

- rådgiving og rettleiing som er knytt til val av yrke og utdanning
- oppdatert informasjon om utdanningsvegar i Noreg og andre land
- oppdatert informasjon om yrkesområde og arbeidsmarknaden lokalt, nasjonalt og internasjonalt
- opplæring i å finne og orientere seg i informasjon og i bruk av rettleiingsverktøy
- informasjon om søknadsfristar, inntaksvilkår og finansieringsordningar
- opplæring og rettleiing om jobbsøking og andre søknadsprosedyrar.

Vidare går det også mellom anna fram at rådgivinga skal leggjast opp som ein prosess frå 8.-13. årstrinn, og at rådgivinga skal vere eit samarbeid mellom ulike personar og instansar på skulen. I tillegg skal skulen så langt det er mogleg og hensiktsmessig trekkje inn eksterne samarbeidspartnarar som til dømes andre utdanningsnivå og lokalt næringsliv.

2.3 Utdjupa føringar frå nasjonale mynde

2.3.1 Kvalitet på rådgivinga

I tillegg til at rådgivingstilbodet skal vere *tilgjengeleg*, peikar Utdanningsdirektoratet¹ på at organiseringa av rådgivingstenesta og kompetansen til rådgivarane er av spesielt stor betydning for kvaliteten på rådgivinga.

Organisering, leiing og utvikling

Med omsyn til organisering, leiing og utvikling, blir det av Utdanningsdirektoratet peikt på at rådgivinga må vere heile skulen sitt ansvar og ein integrert del av skulen si verksemd. Vidare må rådgivinga vere forankra hos skuleeigar og i leiinga, og den må vere i tett kontakt med lokalt arbeidsliv, skulehelsetenesta og andre relevante aktørar. Rådgivinga må også vere ein del av skulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling. Desse punkta må, i følgje Utdanningsdirektoratet, vere på plass for at skulen skal kunne oppfylle eleven sin rett til nødvendig rådgiving.

Vidare går det fram at rådgiving kan føregå både individuelt og i grupper. Kva av dei to rådgivingsformene som blir brukt skal avgjerast ut i frå behova og ønska til eleven, og skulen har ikkje høve til å berre tilby gruppevis rådgiving.²

Kompetanse

Skulen bør i følgje Utdanningsdirektoratet både ha breidde- og spisskompetanse i rådgivinga, og bør også ha system som gjer det mogleg å nytte ekstern kompetanse.³

Det finst ingen lovfesta kompetansekrav til dei personane som skal utføre rådgivingsoppgåver i skulen, men Utdanningsdirektoratet har utforma nokre anbefalte krav til formell kompetanse og rettleiande kompetansekriterium.⁴ Det blir understreka frå Utdanningsdirektoratet at desse er rettleiande og å forstå som anbefalingar. Utdanningsdirektoratet presiserer at det er opp til skuleeigar å avgjere kva som er nødvendig for å oppfylle krava til rådgiving.

I Utdanningsdirektoratet sine anbefalte kompetansekrav og rettleiande kompetansekriterium går det fram at følgjande formelle kompetanse er anbefalt:

- Alle som blir tilsett som rådgivar i skulen, bør ha utdanning på minst bachelornivå.
- Utdanninga bør innehalde ei rådgjevarrelevant utdanning på minst 60 studiepoeng (det blir også vist kva denne utdanninga bør innehalde)
- Den som blir tilsett som rådgivar bør ha yrkeserfaring og kjennskap til skulen.

I tillegg kjem Utdanningsdirektoratet med nokre rettleiande felles kompetansekriterium for både sosialpedagogiske rådgivarar og utdannings- og yrkesrådgivarar samt særskilte kompetansekriterium for utdannings- og yrkesrådgivarar. Desse omtalar mellom anna forhold som informasjon til elevar om rettane til rådgiving, det å gje tilpassa og realistisk rådgiving, rettleiing ved yrke- og utdanningsval og ved jobbsøking, kunnskap om arbeidsliv- og marknad og kjennskap til utdanningssystemet i Norge og andre land mv.

¹ Utdanningsdirektoratet: Kvaliteten på rådgivingen. Sist endra 17.09.2015: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/radgivning/kvaliteten-pa-radgivning/>

² Ibid.

³ Ibid.

⁴Utdanningsdirektoratet: Anbefalte formell kompetanse og veiledende kompetansekriterier for rådgivere. Datert 29.06.2009 (brev til fylkeskommunar, fylkesmenn, kommunar, skular, universitet mv.): https://www.udir.no/globalassets/upload/brev/5/anbefalt_formell_kompetanse_og_veiledende_kompetansekriterier_brev.pdf

2.3.2 Ressursbruk

Retten til rådgiving mv. blir også omtalt i NOU 2016:7 *Norge i omstilling – karriereveiledning for individ og samfunn*⁵, og det blir peikt på at ressursbruk har betydning for tilgangen til tilbudet:

Hvor stor ressurs som stilles til rådighet for rådgivning er ofte et sentralt spørsmål når rådgivningen i skolen diskuteres, og har betydning for tilgang til tilbudet. Ressursbestemmelsen finnes i tariffavtalenes særavtaler om leseplikt og tidsressurs i henholdsvis grunnskolen og videregående opplæring. Avtalene fastsetter tid til rådgiverfunksjonen ved at rådgiverne har færre undervisningstimer enn øvrige lærere. I avtaleverket er det beregnet omlag ett årsverk per 500 elever.

Vidare går det fram at skuleeigar har moglegheita til å bruke større ressursar på rådgivinga enn det denne normen tilseier. Uavhengig av dette, pliktar skuleeigar å oppfylle retten til nødvendig rådgiving.

2.4 Fylkeskommunale styringsdokument og vedtak

Relevante fylkeskommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium. Dette kan til dømes dreie seg om fylkeskommunale målsettingar og strategiar knytt til utdannings- og yrkesrådgivinga i vidaregåande skule.

⁵ NOU 2016:7 *Norge i omstilling – karriereveiledning for individ og samfunn*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2016-7/id2485246/sec1>

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og fylkeskommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om fylkeskommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert i forhold til revisjonskriteria.

3.2 Intervju

Deloitte vil intervjuje utvalte personar frå fylkeskommunen. Dette vil inkludere fylkesdirektør for opplæring og eventuelle tilsette på fylkesnivå med ansvar for å legge til rette for utdannings- og yrkesrådgiving, kontakt med næringslivet og kompetanseutvikling hos rådgjevarane i skulen.

Vidar ønskjer revisjonen å intervjuje representantar frå leiinga ved seks skular i fylkeskommunen for å undersøke korleis dei legg til rette for god utdannings- og yrkesrådgiving, sikrar kompetanse med vidare.

Vidare ønsker vi å gjennomføre intervju med representantar frå næringslivet sine organisasjonar i Sogn og Fjordane. Vi ser for oss intervju med representantar frå næringslivet sin hovedorganisasjon i Sogn og Fjordane og representantar frå dei største opplæringskontora. Totalt tek vi sikte på å gjennomføre om lag 12 intervju.

3.3 Spørjeundersøking

Revisjonen vil sende ut ei elektronisk spørjeundersøking til alle rådgjevarar ved dei tolv vidaregåande skulane i fylkeskommunen som har ansvar for utdannings- og yrkesrådgiving for å få informasjon om rådgivingstenesta ved dei vidaregåande skulane i fylket.

Vidare ønskjer vi å sende ut ei enkel elektronisk spørjeundersøking til alle elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane for å få deira synspunkt knytt til utdannings- og yrkesrådgivinga i vidaregåande skule.

3.4 Statistikk

Revisjonen vil nytte eventuell fylkeskommunal statistikk om bruk av utdannings- og yrkesrådgivinga ved dei vidaregåande skulane i fylket.

3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå dei verifisert intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til fylkeskommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til fylkesrådmannen for uttale. Fylkesrådmannen sin høyringsuttale vil ble vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Kari Gåsemyr (manager) og prosjektmedarbeidarane Ingrid Kalsnes (senior konsulent) og Lina Hamre (konsulent). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 380 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i fylkestinget. Ein eventuell presentasjon av rapporten i fylkestinget vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere desember 2017 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan 23.mai 2018. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at fylkeskommunen sender over etterspurd dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stillar til og verifiserer intervju: Vidare vil det vere avgjerande at vi får ein tilfredsstillande svarprosent på spørjeundersøkingane innan dei fristar som blir sett.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Deloitte.

Bergen, 30. oktober 2017



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides audit, consulting, financial advisory, risk management, tax and related services to public and private clients spanning multiple industries. Deloitte serves four out of five Fortune Global 500® companies through a globally connected network of member firms in more than 150 countries bringing world-class capabilities, insights, and high-quality service to address clients' most complex business challenges. To learn more about how Deloitte's approximately 245,000 professionals make an impact that matters, please connect with us on Facebook, LinkedIn, or Twitter.